

Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 5. desember 2014

Krav om revisjon av 063.Z Eksingedalsvassdraget (Ekso)

FNF Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i fylket. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelinga og Syklistanes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerar totalt over 36.000 medlemskap.

Med heimel i Vassdragsreguleringslova og på vegne av allmenne interesser i Hordaland, stiller me hermed krav om revisjon av gjeldande konsesjonar for 063.Z Eksingedalsvassdraget.


Grunngjeving for krav om revisjon:

Ekso var opphavleg ein av Hordaland sine 10 viktigaste lakseelvar, og den var særskild verdifull på grunn av sin unike laksestamme med storvaksen fisk. Eksingedalsvassdraget, ved sida av Bjoreio i Hardanger, er det vassdraget i Hordaland der vasskraftutbygging har forulempa størst skade på ein laksebestand. Vassdraget har og ein verdifull bestand med sjøaure, og både denne og laksebestanden er betydeleg redusert i dag.

I tillegg til svært stor verdi for fisk og fiske (inkl. fisketurisme), har Eksingedalsvassdraget vesentlege landskapsverdiar. Området er ein sentral innfallspurt til Stølsheimen, eit regionalt viktig friluftslivsområde i Hordaland, og fleire av dei etablerte magasinane grensar opp mot Stølsheimen landskapsvernområdet. Nesheimvatnet i øvre del av vassdraget er eit freda våtmarksområde.

Det er to konsesjonar i vassdraget som kan revideras innan år 2022, og konsesjonær er BKK Produksjon AS. Redusert vassføring og hyppige vassføringsendringar er peika ut som sentrale påverknader på lakseførande strekning. Nedre del (anadrom strekning) har i dag problem med forsuring, og det er investert millionar i kalkingstiltak for å motverke dette.

I øvre del av vassdraget (deriblant i Nesheimvatnet) har ein hatt store utfordringar med gjengroing, truleg som ein direkte konsekvens av redusert vassføring. Vi er kjend med at konsesjonæren på eige initiativ har utført arbeid for å motvirke denne gjengroinga. Det er imidlertid gjennom ein revisjonsprosess at desse og andre miljøforbetrande tiltaka kan formaliserast. Det er ikkje minstevassføring i vassdraget oppstrøms Nesheimvatnet i dag, og dagens minstevassføring nedstrøms Nesheimvatnet er for liten og gjeld berre i periodar med tilstrekkeleg tilsig til vatnet. I



forum for
natur og
friluftsliv

tørre periodar med lite tilsig kan regulanten i dag velje å ikkje sleppe minstevassføring, og det må rettast opp i ved ein revisjon.

Aktuelle tiltak:

Vi meiner det må innførast slepp av tilstrekkeleg minstevassføring i vassdraget heile året. Nye vilkår må sikre slepp av vatn til Nesheimvatnet i periodar med lavt tilsig frå høgareliggande magasin, slik at dei nye krava til minstevassføring etter revisjonen kan oppretthaldas 100 % av tida.

Den pågåande kalkinga i vassdraget må vidareførast, og i revisjonsprosessen vil det være naturleg å vurdere om ein skal pålegge regulanten å betale for kalkinga jf. naturmangfaldlova § 11. Andre aktuelle tiltak er magasinrestriksjonar i Askjedalsdammen/Grøndalsvatn og Kvanndalsvatn av omsyn til landskap og friluftsliv, og meir optimal driftsvassføring frå Myster kraftverk.

Vi forventar at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggas til grunn i revisjonsprosessen, og at det gjennomførast undersøkingar for å avdekke kva slags drift/effektkjøring som gir den beste økologiske tilstanden for vassdraget.

Vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland

Nils Tore Skogland
Dagleg leiar
Naturvernforbundet Hordaland

Alv Arne Lyse
Fylkessekretær
NJFF Hordaland

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag



Naturvernforbundet
i Hordaland



Bergen og Hordaland Turlag



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Vaksdal kommune
Eksingedalen bygderåd